

SPECIALNUMMER:

**Gratis 1. mai-
nummer av
Standpunkt**

NYTT EU-FORSLAG:

**EU vil ha
jernbane på
anbud**

Side 4



HJELP SOM KAN HJELPE:

**Solidaritets-
lån til Europas
unge**

Side 4

TRENG IKKJE EØS FOR Å SELGE VARENE VÅRE:

Knuser EØS- mytane

Ein ny rapport frå Menon Business Economics viser at vi ikkje treng EØS-avtalen for å selge varene og tenestene våre til EU.

„ Vi skal ikkje la oss påvirke av skremsepropagandaen om at vi ikkje får selt varene våre, seier Ann Ørjebu, leiar i ungdomutvalet i Industri Energi.

**Bli
medlem
i Nei til EU!**

Send følgende SMS-melding
NEITILEU <DITT NAVN
OG POSTADRESSE> til
2090 (150,-)

FOTO: SINDRE HUMBERSET

NY RAPPORT FRÅ MENON BUSINESS ECONOMICS:

Eksporerten treng ikkje EØS-avtalen



” Dette alternativet baserer seg på den mest moderne og omfattande bilaterale handelsavtalen EU har inngått med eit anna land

Leo A. Grünfeld, leiar i Menon Business Economics.

Alternativ til EØS er mogleg. – Vi hoppa over ei sveitsisk løysing, fordi EU er så overtrøytt av avtalane med Sveits. Vi ønskte difor å sjå etter andre avtalar, og helst då avtalar som EU har vist interesse for å innføre med andre, sa Leo A. Grünfeld, leiar i Menon, då han presenterte rapporten på Nei til EUs konferanse i april.

FOTO: SINDRE HUMBERSET

Ein ny rapport avdramatiserer konsekvensane for eksporten av å erstatte EØS-avtalen med andre avtaleformer.

Den mest seigliva myten i EØS-debatten er at Noreg er avhengig av EØS-avtalen for å få selte varene og tenestene våre på EU-marknaden. Den nye Menon-rapporten treng gjennom myten, ved å vise at det er mogleg å dekke eksportverksemdene sine behov gjennom andre avtaleformer enn EØS-avtalen.

– EU er utan tvil ein viktig eksportmarknad, seier Leo A. Grünfeld, leiar i Menon Business Economics, som har utarbeidd rapporten.

– EU står som mottakar av omlag 60 prosent av norsk eksport utanom olje og gass. Men EU sin andel av eksporten er fallande. Fiskeeksporten og eksporten innanfor maritim- og offshoresektoren går i aukande grad utanfor EU, seier Grünfeld.

Det er omlag 120 000 sysselsette innanfor varesalet til EU, fortel Grünfeld. Men eksporten til marknader utanfor EU skaper endå fleire arbeidsplassar i Noreg. Omlag 140 000 personar er sysselsette med eksport til resten av verda.

Moderne frihandelsavtale

Menon-rapporten slår fast at ein avtale som den EU forhandla fram med Sør-Korea i 2010, kan vere eit alternativ til dagens EØS-avtale. Eit anna poeng er at avtalen viser at EU er villige til å inngå omfattande handelsavtalar med viktige handelspartnarar.

– Dette alternativet baserer seg på den mest moderne og omfattande bilaterale handelsavtalen EU har inngått med eit

anna land seier Grünfeld, og peiker på at eit slikt alternativ også vil ligge nær opp til det dei fleste skeptikerne til dagens EØS-avtale ønskjer.

EU-avtalen gjev fri handel med alle industrivarer og eit særleg liberalt handelsregime knytt til tenestehandling, som går mykje lenger enn det ein har vorte samde om i WTO-samanheng.

Dekkjer behovet

Menonrapporten viser at ein slik avtale også vil kunne sikre gode vilkår for eksporten.

– Vi har sett på om ein avtale som den EU har med Korea vil dekkje eksportørane sine behov, og ser at EØS-avtalen ikkje har like mykje å seie for all eksport, seier Leo Grünfeld.



Ann Ørjebu

Rapporten går gjennom åtte bransjar og vurderer i kva grad dei treng EØS-avtalen for å kunne eksportere. Av dei åtte bransjane vil prosessindustrien, sjømat, maritim og offshore leverandøriindustri, forbruksvareindustri, utanriks sjøfart og reiseliv få dekt sine behov gjennom ein slik Korea-avtale. Teknologindustrien og forretningsstjenester er i stor grad styrte av reguleringar, standardar og produktregelverk frå EU. Her vil det vere behov for vidare forhandlingar dersom EØS-avtalen vert erstatta av ein annan avtale.

Spanande alternativ

Ann Ørjebu er leiar av ungdomsutvalet i Industri Energi. Ho synes dette alternativet til EØS er spanande.

– Industri Energi har ikkje vedteke noko om EØS, men ungdomsutvalet vårt har vedteke at vi ønskjer å skrote avtalen, seier ho.

– Våre medlemmer kjem frå bransjar som står for 80 prosent av den norske eksporten. Europa kjenner oss som ein stabil leverandør, seier ho.

– Vi skal ikkje la oss skremme av skremselspropagandaen. Det er ikkje meir hald i skremslene i dag enn for 20–30 år sidan, seier ho.

– Eg trur vi vil klare oss utan EØS, men det krev ein iherdig innsats og gode forhandlarar frå vår side. Å seie opp EØS krev gode avtalar for industrien, og eg trur vi kan få god bruk for denne utgreiinga.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

TIPS OSS! Standpunkt-redaksjonen blir alltid glad for tips fra leserne. E-post: standpunkt@neitileu.no | SMS: Send NTEU tips [ditt tips] til 2030

neitileu.no 3b|2013

Ansvarlig redaktør: Heming Olaussen
Redaktør: Sindre Humberset
Layout: Eivind Formoe
Redaksjon: Hilde Loftesnes Nylén, Marianne Granheim Trøyflåt, Hildegunn Gjengedal og Dag Seierstad.

Korrektur: Kjell Arnestad
Opplag: 8 100
Post- og besøksadresse: Storgata 32, 0184 Oslo
Kontakt oss: standpunkt@neitileu.no
Telefon: 22 17 90 20

Redaksjonen avsluttet: 17.4.2013.
Medlemskap i Nei til EU koster 150,- kroner første år, og kan betales inn til kontonummer 7874 05 01517.
Trykkansvarlig: Datatrykk





Ny rapport. – Handhevingsdirektivet vil setje sperrer mot å kome med nye tiltak mot sosial dumping, seier Roar Eilertsen frå kunnskapssenteret De Facto.

FOTO: SINDRE HUMBERSET

HANDHEVINGS DIREKTIVET – NYTT FORSLAG FRÅ EU:

Stoppar tiltak mot sosial dumping

Dersom handhevingsdirektivet vert vedteke slik det ser ut no, vil fleire av dei norske tiltaka mot sosial dumping verte ulovlege.

EU-kommisjonen har foreslått handhevingsdirektivet fordi dei ønskjer å stramme inn på korleis det allereie eksisterande utstasjoningsdirektivet vert praktisert. Roar Eilertsen frå kunnskapssenteret De Facto har utarbeidd ein rapport om direktivet, som vart presentert på konferansen til Nei til EU i april.

– Sjølv EU-kommisjonen og arbeidsgjevarsida har eit ønske om at det skal vere eit regulert arbeidsliv. Difor kjem dei med dette framlegget til eit handhevingsdirektiv. Men direktivframlegget er etter mi meining så dårleg at det er til å gråte av, seier Roar Eilertsen.

– Direktivteksten slår fast at det ikkje er aktuelt å endre utstasjoningsdirektivet, og det slår fast at EU-reglane er maksimumsreglar, seier han. Det

betyr at medlemslanda ikkje kan innføre strengare reglar enn det som står i direktivet.

– Det er bra at det kjem reglar for å regulere bruken av utstasjonering, men det er synd at framlegget er så dårleg som dette.

Noreg går lenger

Handhevingsdirektivet presenterer ei uttømmende liste over kva kontrolltiltak som kan brukast for å sikre at lover og reglar vert følgde i norsk arbeidsliv. Fleire av dei viktigaste tiltaka som norske styresmakter har innført dei siste årene står ikkje på denne lista og vil dermed ikkje verte godtekte av EU. Kampen mot sosial dumping i Noreg vil kunne verte sett kraftig tilbake om direktivet vert vedteke.

– Fleire av tiltaka mot sosial dumping er utanfor lista over godkjende tiltak. Det gjeld krav til ID-kort, registreringsplikt for bemanningsføretak, godkjeningsordning for reinhaldsverksemder. Dei er innførte av den norske regjeringa, men vil stri mot handhevingsdirektivet, seier Eilertsen.

Direktivet opnar for krav til solidaransvar, men krava vil vere dårlegare enn det Noreg har innført.

– Det finst ikkje noka lov i Noreg som det vert brote så mykje mot som arbeidsmiljølova. Handhevingsdirektivet vil setje sperrer mot å kome med nye tiltak mot sosial dumping, slår Eilertsen fast.

Av Sindre Humberset

sindre.humberset@neitileu.no

Vedtak om EØS i fagbevegelsen

Her er noen av vedtakene i fagbevegelsen det siste året.

Norsk Nærings- og Nytelsesmiddelarbeiderforbund (NNN)

Landsmøte 10. april. 2013. Kritisk uttalelse som går inn for å få arbeidslivet ut av EØS.

LO Stat

Kartellkonferanse 13. nov. 2012. Krever at reservasjonsretten brukes. Kan ikke godta at norsk arbeidslivslovgiving og tariffpolitikk dikteres fra Brussel.

Utdanningsforbundet

Landsmøte 9. nov. 2012. Kritisk uttalelse. Kan ikke akseptere

at EØS-avtalen svekker våre faglige rettigheter.

NTL

Sentralforvaltningen Landsstyret 25. okt. 2012. Kritisk uttalelse som vil ha mer bruk av reservasjonsretten.

Transportarbeiderforbundet.

Representantskap 17. okt. 2012. Kritisk uttalelse som krever at EØS-avtalen bør sies opp og frihandelsavtale gjeninnføres.

Fagforbundet

Landsstyret 27. sept. 2012. Krever at

arbeidslivsspørsmål og faglige rettigheter må ut av avtalen.

Handel og Kontor

Landsmøte 19. sept. 2012. En sterkt EØS-kritisk uttalelse som vil utvide handlingsrommet, bruke reservasjonsretten, reforhandle enkeltpunkter og vil ha andre alternativer til dagens avtale.

Postkom

Landsmøte 8. sept. 2012. Postkom krever endring av EØS-avtalen slik at den ikke kan overstyre norske overenskomster og norsk

lovverk i arbeidslivet.

EL og IT

Landsstyret 6. juni 2012. Krever bruk av veto, initiativ til å endre EØS-avtalen slik at den ikke kan gripe inn mot norske tariffavtaler eller i arbeidslivet. «Dersom dette ikke er mulig, må avtalen sies opp» og erstattes med handelsavtale.

LO-avdelinger

I tillegg til forbundene har også mange LO-avdelinger gjort vedtak.



Heming Olausen
Leder i Nei til EU

Men EØS-kampen var ikke død...

Ledelsen i LO og Ap er livredder for EØS-debatt. De sier det er fordi de kan komme til å tape valget. Det er ganske rart. En politisk sak som oppfattes som svært viktig av mange, skal ikke kunne debatteres i valgkampen! Hva har vi valg for? Er det ikke for å velge de representantene som står for den politikken vi er enige i? Men da må vi kunne diskutere politikk. Og vite hva kandidatene mener. Men ikke EU og EØS. De skal liksom være tabu i norsk valgkamp. Det er uakseptabelt.

Det går an å mistenke Stoltenberg & co for å ha flere motiver for å prøve å legge lokk på EØS-debatten. EØS betyr at Norge tilpasses mer og mer til et EU-system som Stoltenberg er varm tilhenger av. Både han og Erna Solberg ønsker at Norge skal bli medlem av EU. Det får de ikke til, på grunn av folket. Da velger de det nest beste: EU-medlemskap i langsomt tempo. Eller EØS.

I fagbevegelsen er det en påstand som alltid har stått fremst fra EØS-tilhengernes side: «Vi MÅ ha EØS for å få solgt varene våre.» Hva hvis påstanden ikke holder vann? Konsulentfirmaet Menon Business Economics har gått påstanden etter i sømmene. De kommer med oppsiktsvekkende svar: Norge kan utmerket godt klare seg uten EØS. Det er flere arbeidsplasser (140 000) i de åtte viktigste eksportnæringene som eksporterer til verden

for øvrig, enn i de som eksporterer til EU (120 000)! Og visst finnes det troverdige alternativer. Menon peker på den bilaterale handelsavtalen mellom Korea og EU. En slik avtale ville sikre norsk eksportretta næringsliv på de fleste områder. For ordens skyld; lederen av Menon er ja-mann!

Samtidig med at den viktigste myten i norsk EØS-debatt blir avkledd, kommer det en ny trussel fra EU; håndhevingsdirektivet. Nettopp som EØS-tilhengerne triumferende kunne kaste dommen i verftsaken inn i debatten, med påstand om at EØS ikke truer norsk arbeidsliv, så rører EU på seg. Håndhevingsdirektivet vil vanskeliggjøre kampen mot sosial dumping. Ikke bare tiltak som alt er vedtatt kan bli dømt ulovlige av EU-domstol eller EFTA-domstol, men nye og kraftigere tiltak kan være ulovlige alt i utgangspunktet.

Og ikke nok med det: Forslaget til EUs jernbepakke 4 vil pålegge alle EU- og EØS-land å konkurranseutsette persontransport på jernbanen. Hvorfor skal EU bestemme det? Og konkurranse her, som på andre områder, betyr at lønns- og pensjonsvilkår hos de ansatte er det selskap kan tjene penger på. Det er EU i et nøtteskall. Har LO-kongressen tenkt å bøye seg for et slikt EU? Eller gjøre noe med det?

VARME ORD & STIKK I SIDA

■ Standpunkt vil i dette nummeret dele ut Varme ord og Stikk i sida til:



Varme ord

NNNs landsmøte, som vedtok en langt skarpere EØS-analyse enn den hyllesten det var lagt opp til fra ledelsens side. Gir håp om at også LO-kongressen kan komme på bedre tanker enn toppledelsens ensidige EØS-fatalisme.

Stikk i sida

Venstres landsmøte.

Sverdrups gamle demokrati-forkjempere svermer nå for en overnasjonal union, hvori opptatt Norge. De mangler bare konklusjonen. Hadde vi delt ut kaktus, ville den gått til føderalisten Sveinung Rotevatn som helst ser Norge som en delstat i USE.



Dag Seierstad
Varamedlem til styret i Nei til EU

Hjelp som kan hjelpe

Rådet i Nei til EU oppfordra 10. april regjeringen til å gi solidaritetslån for å skaffe arbeidsløse ungdom arbeid i EUs verste kriseland.

Norge har i to omganger gitt i alt 103 milliarder kroner i lån til kriserammede EU-land. Det var lån gitt på beinharde vilkår: De regjeringene som fikk lån, måtte kutte så det svir. De må kutte i lønninger og pensjoner, bruke mindre penger på sjukehus og skoler, selge offentlig eiendom som bygninger, veier og havner til private. For Norge har lånt kriselanda penger på nøyaktig samme vilkår som IMF, EU-kommisjonen og EUs sentralbank.

Men hva er vitsen med å tvinge land til å stramme inn økonomien til bedrifter og familier når landet trenger vekst for å få folk tilbake i arbeid?

Spørsmålet vi må stille oss her i Norge, er derfor: Er det mulig å hjelpe kriserammede land uten å kople hjelpa til krav om innstramning og rasering av offentlige tjenester? Og sjølsagt er det mulig! Det er gi lån uten å stille andre vilkår enn at pengene skal brukes til å få arbeidsløse ungdom i jobb eller yrkesopplæring!

EU-kommisjonen la i mars fram en «ungdomsgaranti» for å skaffe arbeid eller utdanning til arbeidsløse ungdom. Det ble i den anledning slått på stortromma for å markere hvor storstlagen denne garantien er. For perioden 2014–2020 ble det satt opp et budsjett på seks milliarder euro for denne garantien. Men det svarer til 45 milliarder kroner og er altså mindre enn halvparten av det Norge til nå har gitt som nokså mislykte kriselån.

Kriselåna har vært mislykte fordi de bare har økt den statsgjelda som på forhånd var for stor. Det er derfor arbeidsløsheten øker fra måned til måned, ikke bare i Hellas, Portugal, Spania og Italia, men i de aller fleste EU-land.

Nei til EU utfordrer nå regjeringspartiene om å gå sammen om å gi hjelp direkte til jobbskaping for arbeidsløse ungdom – uten krav om at millioner av mennesker først må kastes ut i håpløs fattigdom for at hjelp skal bli gitt.

EU-KOMMISSJONENS PLAN FOR JERNBANEPRIVATISERING:

EU vil ha jernbaneprivatisering

– Auka konkurranseutsetting gjev ikkje svar på dagens utfordringar innan jernbane, seier Amanda Eldnes i Norsk Jernbaneforbund.

Framlegget frå Kommisjonen vert kalla jernbanepakke 4 og vil konkurranseutsetje heile jernbanesektoren. Norsk Jernbaneforbund og Norsk Lokomotivmannsforbund åttvarar mot framlegget, som dei meiner kan føre til at Noreg ikkje lenger kan bestemme over si nasjonale jernbane.

– Dersom Jernbanepakke 4 vert vedteken, vil det vere eit svært stort inngrep i retten som den enkelte stat har til å organisere sin eigen kollektivtrafikk tilpassa nasjonale tilhøve, seier Amanda Eldnes, leiar i ungdomsutvalet til Norsk Jernbaneforbund.

Ho får følge av Rolf Jørgensen, leiar i Norsk Lokomotivmannsforbund.

– Jernbanepakke 4 kan føre til ei massiv overføring frå det offentlege til private, seier Rolf Jørgensen.

Dyrare og dårlegare

Det er på dei mest lønsame rutene det er aktuelt med konkurranse. Sjølv om det gjev eit større utval på nokre strekningar, er organisasjonane for dei jernbanetilsette uroa for at det samla tilbodet vil verte svekt. Kollektivtilbodet vert meir oppstykkja og resultatet kan verte dårlegare korrespondanse og meir ventetid for passasjerane.

– Auka konkurranseutsetting gjev ikkje svar på dagens utfordringar innan jernbane. Det er kun ei samordna og planmessig drift av jernbanesystemet som heilskap som kan gje ei god løysing. Å opne for meir konkurranse på ein underdimensjonert og delvis utsliten jernbane vil ikkje gje eit betre tilbod, seier Amanda Eldnes.

– Private aktørar kan setje opp tog i direkte konkurranse med tog under offentlege kjøp, til dømes i rushtida. Det gjer det mogleg å ta ut forteneste der det er stor trafikk, noko som gjer det naudsynt for staten å auke tilskota til dei offentlege kjøpa.

I godstrafikken og i passasjertrafikken mellom landa er det i dag fri konkurranse. Men landa har framleis høve til å styre den innanlandske persontrafikken. Noreg og fleire EU-land ønskjer å halde fram med å la det nasjonale



Dårlegare tilbod. Meir konkurranse på persontog kan føre til auka press på ein skinnegang som allereie har plassproblem. I tillegg vert det vanskelegare å få god korrespondanse mellom ulike avgangar. FOTO: EIVIND FORMOE



Amanda Eldnes og Rolf Jørgensen

jernbaneselskapet få drive heile den innanlandske persontrafikken utan konkurranse.

Kritiske til privatisering

Samanliknar ein erfaringane frå andre europeiske land, er det ikkje dei landa som har konkurranse som har den beste kollektivtransporten. Tvert imot er jernbanen i Sveits rekna som den beste i Europa, trass i at både skinner og tog vert drive av det same statseigde selskapet.

– EU-kommisjonen brukar to land som døme på fordelane med konkurranseutsetting, og det er Storbritannia og Sverige. Det er nettopp dei landa vi brukar som døme på kor dårleg det kan gå når jernbanen vert privatisert, seier han.

Vil ha veto

Debatten om jernbanepakken vil kome opp på LO-kongressen i mai

– Dersom jernbanepakken vert vedteken i EU, skal den ikkje implementerast før i 2019. Vi har fått med oss LO-sekretariatet på at dette framlegget må stoppast. Vi arbeider for å skape ein brei front mot at dette ikkje skal innførast i Noreg. Vi vil ha veto.

Av Sindre Humberstet
sindre.humberstet@neitleu.no

– Vi vil ha fleire venner!

– Vi har sendt ut tilbod om å bli nei-venn til samtlege fagforeningar i Fagforbundet, seier Odd Haldgeir Larsen frå Fagforbundet.



– Det har vi gjort fordi vi meiner Nei til EU er ein viktig kunnskapsbank for våre tillitsvalde, seier han og oppmodar fagforeningar i Fagforbundet og andre forbund om å verte nei-venner.

– Vi må bruke ressursane våre til å støtte opp om arbeidet til Nei til EU.

Alle nei-venner vil få tilsendt Standpunkt til foreningskontoret, og dei får i tillegg også tilsendt alle Vett-hefta som vert gjevne ut i løpet av året. Vett er Nei til EUs eigen skriftserie og kjem ut fire gonger i året.

Nei-venner:

Bestevenn: 10 000,-
(5 eks. av Standpunkt samt 10 eks. av hvert Vett)

God venn: 5000,-
(5 eks. av Standpunkt samt 5 eks. av hvert Vett)

Mellomstor venn: 3000,-
(3 eks. av Standpunkt samt 3 eks. av hvert Vett)

Liten venn: 1500,-
(1 Standpunkt samt 2 eks. av hvert Vett)

Send ein e-post til neitleu@neitleu.no med namn og adresse på foreininga, samt kva vennskap som de ønskjer.

